



[www.grontprodusentene.no](http://www.grontprodusentene.no)

### Graveprøver i potet.

I månedsskiftet august september vart det gjennom graveprøver i potet i dei viktigaste potetområda. Det er rådgjevingsteneste i dei aktuelle områda som utfører arbeidet med prøvane medan Halvor Alm i Hoff utarbeider ein rapport som er tilgjengeleg mellom anna på [www.grontprodusentene.no](http://www.grontprodusentene.no).

I fjor vart potetavlinga her i landet kraftig redusert av håplause vertilhøve med mykje nedbør utover seinsommaren og hausten. Det reduserte både avling og kvalitet slik at importpotet fekk ein større del av marknaden utover vinteren og våren enn dersom ein hadde hatt nok norske poteter.

Graveprøvane frå i år viser at avlinga langs kysten er brukbar og til dels god, medan ein i innlandet kan venta mindre avling enn tilsvarande prøvar viste i fjor. På Jæren og i Nord Trøndelag ser det ut til å bli god avling, medan Mjøsområdet, Solør/Odal har redusert avling. Også i Troms er det sterkt redusert avling etter den gode avlinga dei hadde i fjor.

Oslofjordområda har brukbar avling omtrent på nivå med fjoråret. Fordi arealet i fylka Hedmark, Oppland og til dels Akershus betyr så mykje på landsplan, viser totalprognosen for landet 12 % mindre avling enn i fjor. God tilvekst utover i september kan likevel rette opp ein del av dette.

Midt i september ser kvaliteten så langt brukbar og nokre stader framifrå ut. Dersom vergudane er med oss slik at ein kan unngå fuktige åkrar og få gode opptakstilhøve, treng ikkje avlingssvikten bli større enn i fjor.



Bileta:

Ivar Skramstad (til venstre) og Terje Rolsdorph, som begge er med i GPS sin styringsgruppe for potet, seier at avlingsprognosene stemmer bra med det dei erfarer og trur så langt (19. september).

Ansvarleg for GPS-spalta denne veka er Bjørn Eidhammer [bjorne@grontprodusentene.no](mailto:bjorne@grontprodusentene.no)